

Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/6603-19

Klima- og miljøpris - innstilling av kandidat

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskommunen sin klima- og miljøpris for 2018 vert delt ut til Evoy AS, ved Leif Arne Stavøstrand. Prisen består av ein diplom og 50 000 kr, og vert delt ut på fylkestinget i april.

Vedlegg:

1. Vedtekne retningslinjer
2. Innkomne nominasjonar

Andre relevante dokument i saka:

Innkomne nominasjonar

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I Regional plan for klimaomstilling sitt handlingsprogram for 2018-2019, tiltak 14, er det vedtatt å etablere ein fylkeskommunal klima- og miljøpris for Sogn og Fjordane. FU vedtok retningslinjer for prisen i FU-sak 108/2018, og det vart valt tre medlemmar frå FU til ei innstillingsnemnd. Ungdomspolitisk utval oppnemnde i etterkant ein representant til innstillingsnemnda.

Innstillingsnemnd og retningslinjer

Innstillingsnemnda innstiller kandidat til klima- og miljøprisen, medan fylkesutvalet avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den, basert på innstillinga til innstillingsnemnda. Plansjefen ved klimakoordinator har delteke som sekretær for nemnda, og har tale og forslagsrett i arbeidet.

Innstillingsnemnda har bestått av:

- Hilmar Høl, Leiar
- Gunhild Berge Stang
- Sigurd Erlend Reksnes
- Vara: Trude Brodrik
- Thor Albrektsen, representant frå Ungdomspolitisk utval

Andre opplysningar

Retningslinjene til klima- og miljøprisen presiserer at prisen kan gjevast til personar, verksemdar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket, viser evne og vilje til å yte aktiv klima- og miljøinnsats ut over det vanlege, og har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping. Ein skal særleg vere opptekne av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med klimaomstilling av Sogn og Fjordane, og motivere til vidare innsats.

2. Kandidatar og vurderingar

Klima- og miljøprisen har vore annonsert på nettsidene og Facebook-sida til fylkeskommunen. I tillegg blei alle kommunane i fylket, samt klimakontaktar og organisasjonar med samarbeidsavtale

med fylkeskommunen gjennom klimaplanen informert om prisen og nominasjonsprosessen. Frist for nominering av kandidatar for klima- og miljøprisen i 2018 blei sett til 31. desember 2018.

Nominerte kandidatar:

<i>Eksterne nominasjonar</i>		
1	Karen Richardsen Moberg - Vestlandsforskning	
2	NorSun AS	
3	Martin Malkenes	
4	Raudt Vågsøy	
5	Flora Røde Kors Hjelpekorps	
6	In the same boat	
7	Leif Arne Stavøstrand - Evoy	
8	Vie andelslandsbruk SA	
9	Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	
10	Firda VGS	
<i>Interne nominasjonar</i>		Nominasjon frå
11	Norsk Bremuseum og Ulltveit-Moe senter for klimaviten	Plansjefen
12	Vestlandsforskning, forskingsgruppa på klima og miljø	Plansjefen
13	Kystlotteriet, saman med Naturvernforbundet	Plansjefen
14	Brødrene Aa	Næring og kultur avd.

Innstillingsnemnda har hatt to møte. I tillegg til dei ti innkomne framlegga har nemnda også drøfta innkomne interne nominasjonar. Totalt blei 14 nominerte vurdert.

Med utgangspunkt i vedtekne retningslinjer avgjorde innstillingsnemnda at dei ikkje vurderte kandidatar utan, eller med avgrensa grunngjeving som aktuelle kandidatar. Samstundes blei det lagt vekt på at prisen skulle vere strategisk for å løfte fram personar eller verksemdar som gjer ein god innsats utover det vanlege og utover det som ligg i betalte arbeidsoppgåver. Det blei også lagt vekt på å prioritere dei nominerte som viste evne til nyskaping, ståpåvilje, kreativitet og potensiale. Utdeling av prisen vil ha stor signaleffekt, og dei som er aktuelle for prisen viser at dei tek initiativ og er pådrivarar for at Sogn og Fjordane skal få til ei klimaomstilling. Dette i tråd med overordna mål for Regional plan for klimaomstilling; «*saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane*», der fylket er smartare, tryggare og grønare.

Etter grundige vurderingar sto innstillingsnemnda igjen med to sterke kandidatar på møte nummer 1; Klimaarbeidet til *Firda vidaregåande skule* og *Leif Arne Stavøstrand (Evoy AS)*. Innstillingsnemnda ønskte supplerande informasjon utover grunngjevinga i nominasjonane, og det blei difor planlagt eit møte nummer 2.

På møte nummer to vart dei i to attståande kandidatane vurderte opp mot kvarandre. Innstillingsnemnda ynskjer å presisere at dei, med utgangspunkt i retningslinjene for prisen, sto att med to svært gode kandidatar.

Kandidaten som ikkje vert innstilt:

Firda vidaregåande skule har med sitt fagmiljø og kompetanse innan klima- og miljø vore ein motor og til stor inspirasjon for lokalt klimaarbeid. Skulen viser evne til å gjennomføre store prosjekt og mobiliserer breitt og engasjerer ungdom. Dei har over tid jobba systematisk med klima og bevisstgjerung, og synleggjer at kvar og ein av oss må gjere ein innsats. Utdanning av nullutslippsgenerasjonen startar på skulen, og Firda vidaregåande skule er eit godt døme på ein skule som har fått det til, og evner å engasjere og motivere folk, spesielt ungdom, til å ta gode val og auke kunnskapen om klimautfordringane. Dette er ein skule til inspirasjon for andre i klimaomstillinga.

Innstillingsnemnda fremjar følgjande kandidat til klima- og miljøprisen for 2018

Leif Arne Stavøstrand - Evoy AS

Evoy AS er ei verksemd med hovudkontor i Florø, som utviklar verdsleiarande heilelektrisk framdriftssystem til båtar i proff og fritidssegmentet. Visjonen er å eliminere utslepp frå båt, ved å utvikle teknologi som kan bytte ut fossil brensel med elektriske motorar, både i nye og brukte båtar. Verksemda har jobba aktivt med å hente inn kapital gjennom private investorar, inkubatorprogram og Miljøteknologiordninga til Innovasjon Norge.

Leif Arne Stavøstrand sa opp jobben sin som administrerande direktør ved Saga Fjordbase, for å satse på verksemda og den nye teknologien. Han har valt å satse på utvikling av produkt som

reduserer klimagassutsleppa. Stavøstrand har eit stort nettverk som vert nytta aktivt, og det vert jobba med store visjonar for framtida. I grunngevinga til nominasjonen blei det også løfta fram at Leif Arne Stavøstrand på fritida er engasjert i styret i Svanøy folkeakademi, som er oppteken av opplysningsarbeid kring miljøspørsmål, plastinnsamling og klebyte for å hjelpe miljøet.

Status for prosjektet no er at det det fyrste framdriftssystemet vert testa på ein lab i Trøndelag. Evoy AS har inngått avtale med Helgeland Plast (båtprodusent) om å teste ut framdriftssystemet på ein arbeidsbåt. Det er stor spaning knytt til resultatane frå testane og bruk av komponentane i ein båt i 2019. Evoy AS er i tillegg ei av verksemdene som har lyst ut traineestilling (elektroingeniør) gjennom framtidsfylket sitt traineeprogram.

Verksemda får ikkje pris for eit ferdig resultat, men som støtte og motivasjon på vegen til målet. Dette er ei verksemd som har stort potensiale for å skape grøne arbeidsplassar, som er viktig i det grøne skiftet og viktig for fylket. Det er spanande og imponerende kva Leif Arne Stavøstrand og Evoy AS har fått til så langt, og dersom han lukkast med å rulle dette ut til fleire type båtar og motorar vil dette redusere klimagassutsleppa.

Utdeling av ein klima- og miljøpris til Leif Arne Stavøstrand vil vere i tråd med retningslinjene vedtekne av fylkesutvalet. Kandidaten svarer spesielt godt på føringane i retningslinjene som går på å vise kreativitet og evne til nyskaping. Ved å velje å gå frå ein godt betalt jobb, til meir usikre vilkår ved å starte ei eiga klimavenleg verksemd, viser han også at han har evne og vilje til å yte aktiv klima- og miljøinnsats ut over det vanlege.

Innstillingsnemnda innstiller Leif Arne Stavøstrand, grunnleggjar og administrerande direktør for verksemda Evoy AS, som mottakar av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin klima- og miljøpris for 2018. Fylkesutvalet gjer endeleg vedtak.

4. Konklusjon

På bakgrunn av tilrådinga til innstillingsnemnda vert Leif Arne Stavøstrand, grunnleggjar og administrerande direktør for verksemda Evoy AS, innstilt som mottakar av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin klima- og miljøpris for 2018. Fylkesutvalet gjer endeleg vedtak. Prisen i form av diplom og ein sum på 50 000 kr vert delt ut på fylkestinget 24. april 2019.